



# LANGHAUGEN VIDEREGRÅENDE SKOLE

## HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Hagerups vei 17 | 5093 Bergen  
55 36 14 00 | [post.las@hfk.no](mailto:post.las@hfk.no)

Langhaugen, 2.10.17

Hordaland fylkeskommune  
Opplæringavdelinga

### UTTALE VEDRØRANDE ELEVINSPEKTØRSTILLINGA

Elevinspektørstillinga har i alle år etter at ho blei oppretta i 1998 vore viktig for det psykososiale miljøet blant elevane ved Langhaugen videregående skole og for kontakten mellom elevråd og skuleleiinga. I inneverande skuleår utgjer elevinspektørstillinga ved skulen 62%.

**Til spørsmål 1:** Konsekvensar for skulen dersom elevinspektørstillinga fell bort.

Skulen vurderer det som svært alvorleg dersom dette skjer. Langhaugen har gjennom systematisk arbeid dei siste 20 åra, med elevinspektøren som ein drivande kraft, arbeidd for å utvikle eit godt og trygt miljø ved skulen, med trivsel som ein av dei viktigaste føresetnadene for å lykkast med det faglegpedagogiske arbeidet. Langhaugen har i dag svært god søking av elevar, og ein hovudfaktor i den samanhengen er eit godt og trygt elevmiljø, som også er ein viktig del av skulen sin visjon. Tilbakemeldingane frå elevane om dette er heilt eintydige.

Elevinspektøren har heile tida jobba med dei hovudoppgåvene som blei lagt til stillinga då ho blei oppretta i 1998. Det gjeld først og fremst oppfølging av og tett kontakt med elevrådet, leiari av ressursteamet og arbeid med elevtenester av ymse slag, ikkje minst i samarbeid med rektor, rådgjevarar og skulehelsetenesta. Andre oppgåver har naturleg nok kome i tillegg, i tråd med behov blant elevane, ynskje frå skulen si side og kvalifikasjonane til dei tre elevinspektørane (dei to føregåande er i dag rektor og ass rektor på skulen) som har hatt stillinga (med unnatak av to år). Elevinspektøren har m.a. ansvaret for eit omfattande skulestart-program, bli-kjend-tur til Mjølfjell for vg1, skuleball, oppfølging av skulerevyen, bistandsprosjekt «Hjelp Moldova», fotografering til skulekatalogen, oppfølging av kantinedrift, helsefremjande tiltak og sosiale medium og intern elevinformasjon, der han innehavar svært god kompetanse. Elev-inspektøren har i alle år vore ein del av skulen sitt leiarteam.

Det er vanskeleg å forstå at dette forslaget kjem denne hausten når kap. 9A i Opplæringslova tydeleggjer kva utfordringar vi står overfor for å sikre elevane eit godt og trygt psykososialt miljø. Arbeidsoppgåvene knytt til dette feltet blir stadig meir omfattande. Då framstår det som ganske meiningslaust å fjerne ein av dei viktigaste føresetnadene for å lykkast med arbeidet.

Skulen skulle gjerne visst kva rolle dei økonomiske aspekta har i samband med forslaget om å fjerne stillinga. Det har i liten grad kome fram, men økonomien i fylket spelar vanlegvis ei viktig rolle når forslag av denne typen kjem opp.

**Til spørsmål 2:** Fordalar og ulempar knytt til handlingsrom og fleksibilitet.

Vi opplever at elevinspektørstillinga med den instruksen som gjeld, gjev oss det handlingsrommet vi treng for å ivareta elevane sine rettar i tråd med kap. 9A, sikre elevdemokratiet og setje i verk miljøfremjande tiltak. Eit nært og godt samarbeid mellom elevinspektør, rektor og dei ulike aktørane på skulen gjer at både elevar og tilsette er svært tilfredse med elevinspektørstillinga og måten oppgåvene blir ivaretakne. Skal stillinga gjerast om til ei avdelingsleiarstilling, vil andre oppgåver kome i tillegg, og eit hovudansvar for det miljøretta arbeidet vil lett kunne pulveriserast. Ein miljøarbeidar vil ikkje kunne erstatte elevinspektøren, verken som kontaktperson overfor kollegiet eller som del av leiinga ved skulen.

Dersom elevinspektørstillinga blir fjerna, kan skulen vanskeleg sjå korleis vi skal kunne oppretthalde og vidareutvikle det viktige arbeidet som elevinspektøren gjer på Langhaugen i dag. På bakgrunn av det som er gjort greie for her, ber vi derfor om at elevinspektørstillinga ikkje blir fjerna.

Vennleg helsing

*Tore Tveit*

rektor